



Vakthaldet um det norske maalet

Taler

Hagbard Emanuel Berner

Sted

Studentmaalaget

1 Unge vener!

"Som me att vaar fridom fekk

5 so maa me faa vaart mæle."

So song Dølen for meir enn 50 aar sidan; han meinte at ein national norsk politik og eit nationalt norsk tungemaal maatte fylgjast aat; "for det eine er folkets sjølvstendige liv ut og det andre inn".

10

Men kor langt har vi naadd fram i desse aari?

Det var spaadd alt i 1811 av ein dansk professor, at no naar nordmennene endeleg fekk sin høgskule (universitetet), daa skulde det ogso setja det norske maalet i høgsetet att, liksom i soge-tidi. Han tenkte vel, denne dansken, at Norigs høgskule skulde kjenna det som sin fyrste skyldnad aa læra upp embættsmennene i det norske folkemaal, som dei ein gong skulde arbeida millom, og som minst 95 pct. av folket tala og enno talar.

15

20 Men det norske universitetet har ikkje vorte noko slikt vakthald um det norske morsmaalet, so som dansken trudde det skulde verta. Tvertum; vaart embættsstand har vore det stridaste til aa stydja det danske bokmaalet og til aa halda norsken nede. Det var berre slike framifraa fridomsmenner som Jonas Anton Hjelm og Henrik Wergeland som i 1820-30 aari saag samanhengen millom fridomen og folkemaal.

25

Det kunde vel òg i dei fyrste tiaari etter 1814 vera mykje som kunde orsaka høgskulen og embætts og borgar-klassane i dette nationale spursmaalet. Men daa Ivar Aasen for yver 60 aar sidan hadde lagt det norske maalet fram i ordbok

og grammatik o.a., og synt aalmenta skilnaden millom norsk og dansk, daa skulde ein vel trudd at ikkje berre lærde menner, men alle som vilde fremja fridomsverket, ogso vilde vera med paa aa atterreisa folkemaalet vaart til bokmaal. Kvart menneskje maatte i minsto no sjaa at folkeupplysningi fyrst fekk
35 si rette magt paa grunnlag av det norske folkemaalet.

Men det saag mest ut til at dei styrande var heller nær-synte eller synkvervde. Dei meinte at

40 "kultur" var det dei skulde fremja, og det framande bokmaalet var det einaste saliggjerande kulturmaalet. Stakarane hadde, liksom trolli vi les um i Ibsens Peer Gynt i halli aat Dovregubben, faatt eit risp i auga, so at det som var vesalt og rangt, saag ut som rett og gildt. Dei hadde sjølv ikkje so høg kultur at dei hadde syn for at kultur hjaa eit folk er det same som ein framvokster av den nationale
45 personlegdom; eller at det ikkje er tenkjande nokon sann kultur utan personleg eller folkeleg framvokster paa sant nationalt grunnlag. Eller som professor Moltke Moe i ei utgreiding i "Samtiden" um "Nationalitet og kultur" har sagt: "Nationalitet er folkepersonlighet, - - og - i dypet er al personlighet en kraft, meget mer end et produkt, en kraft som fordøier enhver tilførsel og omsætter
50 den til liv".

Dei trudde at dei fraa si høge framande kulturstode kunde sjaa ned paa den heimlege "raabarka bonden". I den framande kulturen sitt namn hadde dei rett og plikt til aa bruka all si magt til aa kverka det maalet som bonden hadde faatt i
55 farsarv fraa soge-gullalderen, og som var morsmaalet til borni hans. Dei skyna ikkje at bonden nettupp var det som er, og all tid maa vera, landsens magt og merg, baade økonomisk og socialt og nationalt. For det er han som bind saman fortid og notid, so framtidskulturen kann rotfesta seg og bløma paa ein trygg national grunnvoll. Med trollrispet i auga saag dei "halv-kultiverte" ikkje det
60 som diktaren Welhaven i ein heppen time timja, daa han song:

"Din hjemstavn bonde er en hellig jord!

Hvad Norge var, det skal han engang vorde
65 paa land, paa bølge og i folkerang!"

Med andre ord: dei saag ikkje at den norske maalarørsla - som Moltke Moe

70 nærmare greider ut - er ei sann og djup kultur-rørsle. Dette har ogso andre no
faatt syn for. Professor Gerhard Gran m.a. har synt oss korleis Aasmund Vinje
ikkje naadde fram til aa løysa ut si store diktargaave fyrr han sprengde seg ut or
det tillærde bokmaalet, og tok til aa skriva og dikta paa sitt eige morsmaal. Daa
steig han med ein gong høgt til vers som lyft av ei Ganymedes-ørn. Bokmaalet
75 laag som ein tyngjande stein paa givnaden hans. Og slik har det vore med alle
som er fødde i norsken, men skuletukta i dansken. Bokmaals-tvungen har vore ei
bakstrævar-rørsle til "forsimpling" og "u-kultivering" av folket vaart. Det ser
soleis ut til at jamvel Ibsen sjølv har havt eit slikt trollrisp i auga, daa han i Peer
Gynt nyttar høvet til aa hæda og svivyrda maaltreisingi hjaa det norske folket, ei
80 hæding og svivyrding som den andre store norsk-danske diktaren vaar,
Bjørnstjerne Bjørnson, gapskratta og "storhauka" aat.

Naar det gjekk so med dei grøne trei, kann ein sagte vita korleis det saag ut i det
store embåttsverket og i dei so kalla "kultiverte" yverklassane. Dei saag nok at i
85 alle kultiverte land var kulturen ein national vokster i samband med det
nationale maalføret. Svensk i Sverige, dansk i Danmark, tysk i Tyskland o.s. fr.
Men dei naadde ikkje fram til aa sjaa klaart samanhengen millom kultur og
maaltreising. Dei livde som i ein skoddeheim.

90 Var det nokon stad ein skulde ha venta rettare syn paa det ei atter-reising av det
norske folkemaalet hadde aa segja for kulturframstigi, laut det vel fyrst og fremst
vera hjaa styrarane av kyrkje- og undervisningsdepartementet. Det var dei som
raadde for skipnaden av folkeskulen og dei læreverk som skulde utdana lærarar
til folkeskulen. Men nei! Heile riksrådet sat som i Dovrehallen og saag paa
95 korleis "kulturbylgjone" herja vaar beste fedrearv, vaart dyre morsmaal; dei
jamvel gledde seg. Det hjelppte ikkje at vi den 17de mai 1814 hadde atter-reist
Norig til framstig paa alle umkverve. I riksrådet var det det danske bokmaalet
som raadde - trass i alt.

100 Ein fransk riksdagsmann sa nokre aar etter at den franske republikken var skipa i
1871: "Keisar- og kongeætterne kverv burt, riksrådene skifter - men
regjeringskontori sit fast, og med dei dei gamle misbruk (l'ancien régime!) So òg
hjaa oss. Den Danske "kanseli-aand" og det danske "kanseli-maal" hadde si faste
borg i regjeringskontori - og har det for største parten enno. Den gamle
105 "slendrian", den gamle skeive trotten har nettupp sine djupaste røter der.
Derifraa har han for ein stor del spreidd seg yver alt landet - den gamle
"slendrians-aand" som professor Gran for eit par aar sidan so raakande nemnde i

110 immatrikuleringstalen sin til dei nye studentane. "Vi norske er slendrians-folket millom dei andre folk," sa han. Det er som Goethe segjer i "Faust":

„Es erbt sich Gesetze and Recht wie eine ewige Krankheit fort." Men um den naturlege menneskjelege retten - retten til aa vera heilt ut seg sjølv er det diverre aldri spursmaal um.

115

Difor skal de, unge studentar! hugsa paa at de har den skyldnaden naar de seinare kjem inn i embætts-yrket, eller i andre styregreiner eller livsstillingar, at de skal vera "dei nye kostar" til aa sopa burt desse eldgamle slendrians- og fordoms-kingelvevane, til aa lufta ut denne helsedrepande gamle kontor-lufti.

120

Gløym ikkje at bokmaalsbacillen er ei likso faarleg farsott i folket vaart som tuberkelbacillen; han avnorskar folket og gjer oss til eit laakare folk enn baade svenskar og danskar og andre som baade heidrar og dyrkar sine nationale maal.

Det trengst soleis eit trufast vakthald um det norske maalet.

125

Men korleis har det t.d. gaatt med kravet fraa 1870-aari um at "talesproget skal lægges til grund ved skoleundervisningen?" Vi ser paa folkeskulane her i byen korleis "skulefrøkna" arbeider kvar dag med aa rydja ut hjaa borni det folkemaal som ogso aalment vert tala av underklassane her i byen. Naar borni segjer kua, 130 brei, gauk o.s. fr., fyk "frøkna" straks i vêret og rop "Fy! Du maa ikke tale saa simpelt! Det heter koen, bred, gjøk!" Ein tarv heller ikkje gaa langt ut i bygdeskulane for aa faa høyra korleis riksmaals-lærarar og lærarinnor ogso der legg all si magt paa aa faa reinska ut tviljodane, dei tri kyn og mykje anna som er serdrag for det norske maalet; danske ord og ordformer er det dei strævar med aa 135 faa sett i staden. Det er mest eit under at desse fleire tusund trottuge skulemeistrane ikkje i alle desse aari har magta aa faa det norske maalet heilt utrudd hjaa borni! Men so djupe, sterke røter har det, at jamvel denne øgjelege bokmaalstvangen har arbeidt til faanyttes.

140

Skulde ikkje daa kyrkje- og skuledepartementet med alle sine skuledirektørar her ha halde eit loyalt vakthald um morsmaalet og halde nedrivingsflokkane i age?

Eller korleis har det gaatt med den jamstellingi millom "landsmaal" og "bokmaal" som vart vedteke av stortinget i 1885? Det har gaatt slik at sjølve 145 leidaren av riksmaalsrørsla beint fram negtar at det er vedteke noko jamstelling! Visst er det at vi har sét heller lite til denne jamstellingi. Enno sit norsken som eit

svivyrdd stykkbarn i dei fleste skulane vaare og dei fleste umkverve i riksens styregreiner. Av dei millionar krunor som stortinget kvart aar løyver til desse
150 skulane og andre kultur-uppgaaavor, er det berre lite som kjem norsken til gode, mot det som kjem til bate for norsk-dansken. Heile stortingsvedtaket har liksom gaatt i gløyme-boki, baade i skule-departementet og annanstad. Til meir trengst det at den ungdomen som ein gong skal faa magti i landet, er vaken og ikkje let dei som her har synda, faa døy i syndi. For det er vel faa ting som soleis bryt ned
155 vyrdnad for lov og rett som brot paa eit vedtak som baae parti hadde vorte samde um som eit fredsvilkaar.

Men skulde ikkje stortinget sjølv magta aa halda uppe den semja um jamstelling, som var vedteke i 1885? Vi har so lenge trudd at stortinget hadde magt og vilje
160 til aa "retta det som rengt er, reisa det som velt er".

Henrik Wergeland sa i helsingssongen sin til stortinget 1842:

"Haakons hall og Olavs kirke
165 reise vilde de av grus.

Ha! det var Nordmannavirke,
170 var det ikke, Akershus?

Og hvad fryd for dine taarne
saa du Haakons tid igjen!
175 Det beror paa Norges kaarne.

Tidens guder er dens mænd".

180 Det vart so stilt i landet daa Henrik Wergeland døydde i 1845. Den nationale oppvekkjing hadde mist føraren sin. Hadde han faatt lengre livedagar - hadde han faatt uppliva Ivar Aasens og andres modige opprop til bøndene um aa setja morsmaalet sitt i hogsætet att i skule, kyrkje og offentlege møte - so skulde det visst set anleis ut i mangt og mykje. Han skulde nok teke hand i hanke for at
185 hundradaaret ikkje skulde "nedrødmet" fyrr det norske maalet vaart hadde kome

til sin rett.

Eit lite døme paa korleis det stod til i tidi nærmast etter at Ivar Aasen hadde faatt
190 alle dei lærde gjæsene paa Capitolium til aa skrika, lyt eg her fortelja: Daa eg kom
inn paa Nissens latinskule i 1851 var læraren i norsk ublug nok til aa nytta
"Boyesens Danske Grammatikk". det var den vi skulde læra etter. Det var berre
bruken av "sin" og "deres" som det var lite grand ugreide med, sa han. I
Danmark sa dei t.d.: "Medens de stakkels sømænd lider ondt paa havet, koser de
195 andre sig i hjemmene med deres koner". Dette er rett i dansk, etter det 6te bod i
Mose lov, men sa vi so her i landet, var Gamle-Eirik laus, og det 6te bodet var
krenkt! Han vara seg for as faa oss til aa skyna meiningi i det 4de bodet: "Æra far
din og mor di so du får liva lenge i landet". I minsto fekk vi ikkje under
inntuktingi i "Boyesens Danske Grammatik" høyra noko um at vi skulde æra det
200 norske morsmaalet som det norske folk hadde ervt fraa far og mor saman med
det landet vi livde i. Det var Boyesens og danskanes maal vi skulde æra, maa vital!
Med det framande maalet skulde vi liva baade godt og hyggjeleg i embætts-
baasane i riksens store fehus (som Vinje tala um). For riksmagtene sytte ikkje for
andre enn dei som var heime i dansken. Eg minnest òg kor ille det gjekk meg ein
205 gong eg sa til ein dansk lærar i geografi at Norig laag paa 58de og 71de
breiddegrad paa norsk, medan han vilde ha det paa dansk, (otte og
halvtredsindstyvende og en og halvfjerdsindstyvende). Eller ein annan gong eg i
ein norsk stil um "En høstdag" hadde skrive: "vi legte gjemsel mellem
kornstaurene". Daa fekk eg vita at det "paa norsk" ikkje heitte "legte" men legede
210 og at det berre var "den ukultiverede almue" som sa "staur", "dannede
mennesker" sa stør. - So høgt stod dansken her i hovudstaden i dei dagar, at dei
paa det einaste teater berre hadde danske skodespelarar, den fine kultursnobben
skulde ha eit godt mynster til aa retta talen sin etter! Det var system i
avnorskingsarbeidet! Det har ogso med systematisk drivhus-drift halde seg godt
215 i hovudstaden, som dei difor ogso arbeider so hardt for skal verta heitande
Christiania og ikkje taka det gamle norske namnet Oslo. Det har nok ogso tidt
og jamt synt seg baade ved gymnasiast-pipingi mot "Det norske teatret" og ved
andre tilhøve at "gjengangerene", pedantane og danemaalsmennene trivst
framifraa vel i det gamle døyande Christiania - liksom makken i gamall,
220 utskjemd ost eller ult kjøt.

De kann daa skyna kor sterk "provins-aandi" har vore i yverklassane. Og som
epli ikkje fell langt fraa treet, so har borni ogso heilt gaatt i fotefari til federne
sine - til dess dei - eller sume av dei i minsto - som hadde ete av "kunnskapstreet"

ein vakker dag gjorde opprør og reiste seg til vern um det norske morsmaalet.

I 1850-aari tok daa endeleg vinden so smaatt til aa snu seg. Som Vinje song i fyrste nr. av "Dølen" i 1858:

230

"Her lengje bles ein sunnanvind,

som Noreg sveid og brende.

235

No er det som ein nordanvind

vil driva den attende".

240

Med Aasen og Vinje kom det eit heilt tidskifte. Ein norsk bokavl tok no til aa bløma upp. Vi ser av Anton Aures boklista yver norske bøker at norsken alt no har ein gild bokavl, og rekk snart sagt yver alle umkverve, i dikting, vitskap, soge og praktiske kunnskapsgreiner. Norsken tevlar no med norsk-dansken i mest alle leider.

245

Difor reiser det seg ogso sterkare krav til aa bryta nye vegar, so morsmaalet kann naa fram til full jamstelling med bokmaalet. Vi har ogso no, serleg etter 1905, vakse munaleg fram i den ærekjensla som krev at alle fedrelandsvener legg all sin hug og dug i eit djervare vakthald og aa søkja jamt lenger og lenger fram.

250

"Dagen er uppe; det er tid til aa vakna og gjera manndomsverk", som det heiter i Bjarkemaal som Tormod kvad paa Stiklestad. Men det er mange som maa vekkjast or svevn og faakunne. Det er diverre enno altfor mange i sjøve maalmannslægret og i ungdomslagi, som dei høver paa dei ordi av Henrik Ibsen:

255

"Gaar til sin gjerning de norske mænd,

viljeløst, vimrende, ved ei hvorhen.

260

Skrukker sig hjerterne, smyger sig sindene,

veke som vaggende vidjer for vindene."

265 Kjenner ikkje nokon kvar folk som gjev seg ut for maalmenner, og som ikkje
legg ei stikke i kross til aa fremja vaar sak? Som staar "viljeløst vimrende", endaa
dei veit at her er ei fedrelandsk heilag sak, som skulde vekkja "viljens unge løve"
til siger og ære og framgang for folk og land?

270 "Setzet Ihr nicht das Leben ein, nie wird Euch das Leben gewonnen sein."
Røynsla har vist at desse ordi av den store tyske diktaren Schiller er eit sant ord
til alle tider.

275 Eller hugsar de ikkje korleis Ibsen i Peer Gynt let presten tala ved gravi til han
som hadde hogge tumalfingeren av seg for aa gaa fri hermannstenesta, til vern
for folk og land?

"- - - Han var en nersynt mand.

280 Folk, fædreland det høie,

det som skulde malmtungt hjerter naa,

stod stedse slørt av taake for hans øie."

285

Men aa gjera seg av med morsmaalet sitt er vel verre enn aa gjera seg av med
tumalfingeren sin? Yver honom som gjer dette nidings-verket skal vel gravtalen
falla med mangedubbel vegt. Ein slik kar er vel mange gonger laakare en nokon
"forsvars-nihilist". Men Ibsen hadde, som fyrr sagt, sjølv faatt noko av trollrispet
290 i auga, han gjekk sjølv i taake og saag ikkje korleis gravtalen til presten var ein tale
yver han sjølv, daa han haddet det norske maalet og maalmennene ("400 aarig
natten ruget over abekatten" o.s. fr.). Han var sjølv for nærsynt til aa sjaa kva
"folk, fædreland det høie, som skulde malmtungt hjerter naa", hadde aa segja i ei
national kulturørsle som maalsaki er.

295

Men vi kann likevel, i takksemd for det store og gode han har dikta og fremja,
segja med presten i slutten av talen:

"- - Men høit paa heiens hvelv

300

i slægtens snævring, hvor han saa sit virke,

der var han stor, fordi han var sig selv.

305

Den klang, han skaptess ved, den blev sig lig.

Hans færd var langspil under spaanens dæmper."

310 "Ver deg sjølv!" Ja, rett sagt, og godt, kjære Ibsen! Det er vilkaaret for all vokster, for all kultur, for all sann og sterk personlegdom. Men skal den norske bonden, det norske folket faa vera "seg sjølv" i aand og sanning, lyt det ogso faa hevda sitt norske morsmaal fullt og fritt. Daa lyt det ogso vera slutt med riksmaalstvangen, som vil hindra borni fraa aa vera seg sjølve, og gjer oss armare enn vi kunde vera.

315

Fram daa - til vakthald um det norske maalet! Latt oss minnast Ibsens ord!

Det var "i slægtens snævring" Ibsen stillte si harpe og song; det var under fortrykte aandsvilkaar for det norske folket; det hadde ikkje naadd fram til aa
320 vera seg sjølv; det hadde ikkje vunne aa gjera seg fri fraa dansketids-skodda. Berre ei sterk, frisk national aand, runni av norsk bondeætt, som Aasmund Vinje, kunde magta aa lyfta seg upp yver denne "slægtens snævring", og trass i all motgang og all hinder rydja tufti for ein blømande norsk bokavl, til framtids gagn og ære for land og folk.

325

Det politiske bakstrævet sette i 1860-70 aari serleg hardt inn med skandinaviske (dansk) og amalgamistiske (svensk) straumdrag til tyning av alt norsk. Mistrui til alt nationalt ovra seg paa mange maatar. At national-diktaren vaar, Aasmund Vinje, vart kasta ut av justitsdepartementet i 1868 er kjent nok. I same aaret var
330 det at nokre av høg-re-riksraadane i eit framlegg til stortinget raadde fraa eit forslag fraa Vinje um at gamal-norsk skulde vera eit læreemne i dei høg-re skulane. Dei nøgde seg heller ikkje med dette, men vaaga endaa til aa bannlysa alt som kunde fremja ein national kultur-framvokster. Dei sa at "interessen for og troen paa og kjærligheden til det nationale" var so altfor stor fyrr, at ein
335 skulde vara seg for aa nøra upp under denne skade-elden med gamal-norsk. Naar folk kom til aa lesa sogone vaare i grunn-maalet, kunde dei koma til aa samanlikna Norig i si glanstid med nedgangs- og forfalls-tidi i 1860-80-aari, og vidare faa augo opne for korleis det norske talemaalet i vaar tid ættar fraa det gamle norske.

340

Men - det politiske bakstrævet grov si eigi grav. Etter 1884 kom det ei sterkare

national rørsle i 1885 fekk vi det fyrr nemnde stortingsvedtaket um at norsken
skulde vera jamstelt med dansk-norsken. Det leid og det skreid frametter, um
345 ikkje paa langt nær so fort og sterkt som ventande kunde vera. Sjaa berre paa
korleis avnorskingsarbeidet vert drive med full kraft enno; sjaa kor iherdigt det
driv, so ser ein òg kor smaatt norskdoms-arbeidet gaar i samanlikning! Her ligg
enno ei vid mark som ventar paa folk med plog og horv og saakorn!

350 Men no tek ogso austlandsbygdene, som so lenge har lege stille, til aa røra paa
seg i maalvegen. Vi har sét at Romerikes ungdomssamlag har gjeve upp si
"nøytralitet" i maalsaki og teke paa med "et selvstændigt maalarbeide her øst".
Amtsskulestyrar Eivind Berggrav-Jensen har alt halde liktalen yver "den norsk-
danske riksmålsbevægelse"; den har "ifølge selve livsloven været en dømt
355 bevægelse"; den er "uten haap og nationalt uklar". Men alt lenge fyrr Berggrav-
Jensen og Romerikes ungdomssamlag tok til aa røra paa seg, hadde folk skyna,
at det med austlandsbygdene eller "flatbygdene" paa austlandet baade vilde
koma ei ny og sterkare magt i atterreisingi av vaart norske folkemaal. Med
austlandsmaalet vilde ein òg koma nokre stig nærmare den faktisk livande talen,
360 og dermed gjeva heile maalarørsla ein sterk framstøyt. Alt i 1883 heldt eg paa eit
møte her i hovudstaden eit foredrag um dette. (Sjaa "Dagbladet" for 10de januar
1884, og i "Dagbl." for 23de febr. s.a. kom ogso Moltke Moe med eit oppsett
der han gjev meg sin studnad). Sidan har fleire og fleire reist kravet paa at
"landsmaals-normalen" i skriftform m.v. maa verta revidert, so det kann verta
365 liksom ei tidhøvelegare bru millom austland og vestland.

Det har vorte ein strid um dette spursmaalet. Men ikkje reftare enn eg ser, er
austlandsreisingi retta mot riksmålet eller norsk-dansken og ikkje mot den
norske maalarørsla. Eg skynar ikkje at det er nokon faare for den norske
370 maalreisingi i at ein gjev rom for slike austlands-former som kua og sola i staden
for kui og soli o.s. fr. Eg er ikkje samd med futen i Holbergs "Peder Paars", som
"da han et i foruden tøddel saa

375 skreg: inden stakket tid vi et barbari vil faa!"

Kann no desse flatbygdene faa tilhøve til aa reisa seg til strid for bygdemaali sine,
vil det vera eit munalegt framstig for maalarørsla i det heile. Noko "barbari" eller
"anarki" fæler eg ikkje for, um amtsskulestyrar Berggrav-Jensen fær lukka med
380 seg i den striden. Eg i minsto er Berggrav-Jensen takksam for den striden han har

reist. Han fann òg ei høveleg tid til aa reisa uppropet til flatbygdene um aa slaa fylgje i maalsrørsla til hevding av bygde-maalet. Det kom paa lag samstunds med det store bondemøtet paa Litlehamar, der bøndene dryfte spursmaali um korleis
385 dei best skal halda bondebaten fram i vaare tider. Og bondebaten - vart det sagt - heng med hjartestrengjene sine saman med det norske bondemaalet. Utan maalreising vert det heller ikkje nokor magt i bondereisingi. Ogso i høgrepartet er det dei som skynar, at eit konservativt parti maa òg staa paa national norsk grunn um det skal vera liv lage.

390

Eg skal ikkje her gaa nærmare inn paa korleis brui millom dei ymse bygdemaali skal verta bygd. Den nemndi kyrkje- og skuledepartementets styrar, Løvland, nett har faatt samla, vil nok snart leggja fram ei utgreiding som liksom skal peika ut framtids-vegen til ei semje i maalvegen paa norsk grunnlag.

395

Til slutt skal eg, som har vore med i maalsrørsla heilt fraa 1860-aari, berre faa lov til aa segja at sjølve den "fornorskingi", som ein flokk av "riksmaalsmennene" held paa med, ogso er "eit stig paa heimvegen" til norsk maal, som vi
400 maalmennar òg har orsak til aa gleda oss yver. Di meir fornorsking - di nærmare det norske livande talemaal. Ogso riksmaalsfolk tek til aa sjaa at skal det verta tale um "fornorsking", so maa ogso riksmaalsfolk ha all samhug for det norske folkemaalet, som er den kjelda dei skal ausa "fornorskingi" av til sitt eige arbeid. Di meir "fornorsking", di meir von um aa møtast paa sams norsk grunn! Det er soleis ei historisk utjamning som i minsto eg vil ynskja maa ha lukke med seg.

405

Men det er fleire flokkar av riksmaals-menn. Det er dei som heilt vil fylgja dansken som fyrr - korkje ha harde konsonantar eller tviljod eller norsk orddaning eller taka upp norske ord. Dei er aa likna med kona til Lot som ikkje kunde halda seg for aa ståna paa flugti og kasta eit kjærlegt augnekast til sin
410 gamle heim i Sodoma og Gomorah - og vart til ei steinstytte! Slike steinstyttor ser det ut til at ogso dei riksmaalsmennar kann verta, som vil verta staaande ved dei altfor stutte og snaude tilmaatingane til norsk skriftbruk som i 1907 var fastsette i rettskrivingi av norsk-dansken. Men den tredje riksmaalsflokk (med professorane Falk og Frithjof Nansen i brodden) vonar eg vil sjaa berre
415 frametter, naar dei legg ei fast hand paa plogstyret, for aa gjeva vaar heimlege jord den beste grøda.

Kor som er: De, unge vener, vil eg berre vona daa fær sjaa gode vendingar i maalstriden! De kann faa sjaa atterreist det folkemaalet som lyt vera det sanne

grunnlaget for framgang i national ærekjensle, for alt det som praktisk høyrer med til rett skiping av folkelegt styre i skule, i kyrkje og alt vaart offentlege stell!

Det er de som fyrst og fremst skal vera vakthaldet um maalreisingi frametter.

425

Lat det norske heimemaalet dykkar ljoda sterkt og jamt ved alle høve i det private liv og offentleg. Norske blad og bøker maa stydjast mot den ovstore flaumen av danske og norsk-danske bøker og blad. Stutt sagt: "Lat det merkjast i meir enn i ordi", at de held fedre-arven vaar i stand!

430

Naar det vert reist herskrik mot folkemaalet - og det hender dagleg - so møt fram djervt til vern og verje for det. Reis dykk mot maaltvangen i skulane og annanstad.

435

Haldt serleg auga med administrationen og alle som styrer med skular eller andre kommunale ting.

Lær dei aa gjera sin skyldnad! Lat jamstellingi millom norsk og norsk-dansk bokmaal ikkje lenger, vera ein laus talemaate.

440

Lær alle aa ha vyrdnad for den store nationale kultur-rørsla som maalreisingi er. Kunnskaper magt! Vyrdnad for andres meiningar er ei samfunds-dygd!

445

Hugs ogso Sverres ord til birkebeinane: "Det vert sjeldan noko til kar av dei som er blaute i ungdomen". Gaa paa med klokskap og djervskap som Sverre naar Andvake-luren ljomar yver fjell og fjord og dal, yver bygd og by!

Fram daa frendar

450

i fredelege kappstig!

retta det som rangt er

reise det som velt er!

455

Byggje og bøte

med bot som duger!

460

Gjere verk som varer

til verdi øydest!

465

Kilde

H.E. Berner: Vakthaldet um det norske maalet. Studentmaallaget, Kristiania 1917.

Emner

Foredrag, Språksak

470

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/vakthaldet-um-det-norske-maalet>

475

480

485

490

495